

## Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

**Roald Stenseide, Frp**, sette på vegner av Frp, V og H slikt forslag:

«Endring (markert ved stryking):

1. Fylkestinget vedtek at fylkeshuset i Agnes Mowinckels gate 5 blir totalrehabilitert og utvida, ~~samt eigm~~, av Hordaland fylkeskommune (alternativ 2a).
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen greie ut fordeler og ulemper med at fylkeshuset blir bygd, drifta og eigm av eit eigedomsselskap 100 % eigm av Hordaland fylkeskommune innan byggearbeida startar.»

**Aud Karin Oen, SV**, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 3

Fylkestinget godkjenner Nøstegt. 72-78 som mellombels kontorlokale for fylkesadministrasjonen i byggeperioden for nytt fylkeshus.»

**Aud Karin Oen, SV**, sette fram slikt forslag B):

«Tillegg:

Nytt punkt 4

Skulle likevel Sandslihaugen 30 verte valgt må ein vurdere:

- a. Det må setjast opp pendlarbuss frå fylkesbygget.
- b. Det må opnast opp for større fleksibilitet som for eksempel heimekontor for tilsette med lang reiseveg.
- c. Vurdere inn reisetid sentrum - Sandsli som ein del av arbeidstida
- d. Være lengst muleg i noverande lokale- flytting for alle årsskiftet 19/20

## Røysting

Oen sitt forslag A fekk 4 røyster (SV, R) og fall.

Innstillinga punkt 3 fekk 53 røyster (A, KrF, Sp, V, MDG, H, Frp) og vart vedteken.

Stenseide sitt forslag punkt 1 fekk 22 røyster (Frp, H, V) og fall.

Innstillinga punkt 1 fekk 35 røyster (A, KrF, Sp, SV, MDG, R) og vart vedteken.

Stenseide sitt forslag punkt 2 fekk 22 røyster (Frp, H, V) og fall.

Innstillinga punkt 2 fekk 35 røyster (A, KrF, Sp, SV, MDG, R) og vart vedteken.

Innstillinga punkt 4 vart samrøystes vedteken.

Oen sitt forslag B fekk 4 røyster (SV, R) og fall.

## Vedtak

1. Fylkestinget vedtek at fylkeshuset i Agnes Mowinckels gate 5 blir totalrehabilitert/nybygg og utvida, ~~samt eigm~~, av Hordaland fylkeskommune (alternativ 2a).
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen greie ut fordeler og ulemper med at fylkeshuset blir bygd, drifta og eigm av eit eigedomsselskap 100 % eigm av Hordaland fylkeskommune innan byggearbeida startar.
3. Fylkestinget godkjenner Sandslihaugen 30 som mellombels kontorlokale for fylkesadministrasjonen i byggeperioden for nytt fylkeshus.

4. Fylkestinget vil presisere viktigheita av at Hordaland fylkeskommune går i dialog med dei tilsette om kompensererande tiltak for dei tilsette som vert påført stor meirbelasting på grunn av flytinga.